



Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Dato: 23.03.2016  
Vår ref.: 2014/14561-87  
Saksbehandlar: pernord1  
Dykkar ref.:

## Samtykkegodkjenning av handelsareal - Oversending av søknad frå Odda kommune for uttale

Hordaland fylkeskommune har mottatt søknad om samtykkegodkjenning av handelsareal i Odda sentrum. I samsvar med Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel skal nytt eller utvida handelsareal ut over 3000 m<sup>2</sup> ha fylkeskommunalt samtykke. Før slikt samtykke kan gjevast skal søknaden leggjast fram for fylkesmannen i Hordaland.

Vi oversender her søknaden frå Odda kommunen og ber om fylkesmannen si vurdering av søknaden. Vi ber om at slik vurdering vert gitt innan 3 veker, seinast 19. april.

Odda kommune viser til handelsanalyse utarbeidd 2008 som skal liggja ved søknaden. Denne synest å vera utelatt, og vi ber no difor Odda kommune om å senda handelsanalysen til oss, og direkte til fylkesmannen.

Etter at fylkeskommunen har mottatt fylkesmannen sin uttale vert søknaden lagt fram for fylkesutvalet for vedtak, i samsvar med fylkestinget sitt vedtak om delegasjon.

Venleg helsing

Per Nordmark  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*